

**EUROPAPARLAMENTS- OG RÅSDIREKTIV 2001/10/EØF****2003/EØS/23/18****av 22. mai 2001****om endring av råsdirektiv 91/68/EØF med omsyn til scrapie(\*)**

EUROPAPARLAMENTET OG RÅDET FOR DEN EUROPEISKE UNIONEN HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet, særleg artikkel 152 nr. 4 bokstav b),

med tilvising til framlegget frå Kommisjonen<sup>(1)</sup>,

med tilvising til fråsegna frå Økonomi- og sosialutvalet<sup>(2)</sup>,

etter å ha rådspurt Regionutvalet,

etter den framgangsmåten som er fastsett i artikkel 251 i traktaten<sup>(3)</sup>, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) I råsdirektiv 91/68/EØF av 28. januar 1991 om krav til dyrehelse ved handel med sau og geit innenfor Fellesskapet<sup>(4)</sup> er det fastsett krav til dyrehelse med omsyn til scrapie, som òg omfattar marknadsføring av dyr.
- 2) Kommisjonen har motteke vitskaplege fråsegner, særleg frå Styringsutvalet for vitskaplege spørsmål, om fleire sider ved spongiforme encefalopatiar som kan overførast (TSE). Dei reglane som er fastsette i direktiv 91/68/EØF, bør reviderast i lys av desse fråsegnerne.
- 3) Det bør fastsetjast føresegner for alle spørsmål som gjeld TSE, som særleg skal gjelde for produksjon og marknadsføring av levande dyr og produkt av animalsk opphav slik det er nemnt i artikkel 1 nr. 1 i europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 999/2001 av 22. mai 2001 om fastsettelse av regler for å forebygge, bekjempe og utrydde visse overførbare spongiforme encefalopatiar<sup>(5)</sup>.
- 4) Dette direktivet har direkte innverknad på folkehelsa, og gjeld verkemåten til den indre marknaden. Det er difor føremålstøylen å nyte artikkel 152 nr. 4 bokstav b) i traktaten som rettsleg grunnlag for å vedta reglar for førebygging og kamp mot visse spongiforme encefalopatiar som kan overførast.
- 5) Direktiv 91/68/EØF bør difor endrast —

VEDTEKE DETTE DIREKTIVET:

*Artikkkel 1*

I direktiv 91/68/EØF vert det gjort følgjande endringar:

1. I artikkel 2 nr. 7 vert «nevnt i vedlegg B avsnitt I og II» bytt ut med «nevnt i vedlegg B avsnitt I».
2. Artikkel 6 bokstav b) vert oppheva.
3. I artikkel 7 nr. 1 vert «som er anført i vedlegg B avsnitt II og III» bytt ut med «som er nevnt i vedlegg B avsnitt III».
4. I artikkel 8 nr. 1 vert «som er oppført i vedlegg B avsnitt II og III» bytt ut med «som er nevnt i vedlegg B avsnitt III».
5. Avsnitt II i vedlegg B vert oppheva.

*Artikkkel 2*

1. Medlemsstatane skal seinast 30. juni 2001 setje i kraft dei lovene og forskriftene som er naudsynte for å rette seg etter dette direktivet. Dei skal straks melde frå til Kommisjonen om dette.

Dei skal nytte desse føreseggnene frå 1. juli 2001.

Når desse føreseggnene vert vedtekne av medlemsstatane, skal dei ha ei tilvising til dette direktivet, eller det skal visast til direktivet når dei vert kunngjorde. Medlemsstatane fastset korleis tilvisinga skal gjerast.

2. Medlemsstatane skal sende Kommisjonen teksta til dei internrettslege føreseggnene som dei vedtek på det området som dette direktivet omfattar. Kommisjonen skal straks melde frå til medlemsstatane om dette.

*Artikkkel 3*

Dette direktivet tek til å gjelde 20. dagen etter at det er kunngjort i *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*.

*Artikkkel 4*

Dette direktivet er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 22. mai 2001.

*For Europaparlamentet*

N. FONTAINE

*President*

*For Rådet*

M. WINBERG

*Formann*

(\*) Denne fellesskapsrettsakta, kunngjord i TEF L 147 av 31.5.2001, s. 41, er nemnd i avgjerd i EØS-komiteen nr. 74/2002 av 25. juni 2002 om endring av vedlegg I til EØS-avtala (Veterinære og plantesanitære tilhøve), sjå EØS-tillegget til Tidend for Dei europeiske fellesskapa nr. 49 av 3.10.2002, s. 8.

(<sup>1</sup>) TEF C 45 av 19.2.1999, s. 33.

(<sup>2</sup>) TEF C 258 av 10.9.1999, s. 19.

(<sup>3</sup>) Europaparlamentsfråsegn av 16. februar 2000 (TEF C 339 av 29.11.2000, s. 128), og rådsavgjerd av 12.2.2001.

(<sup>4</sup>) TEF L 46 av 19.2.1991, s. 19. Direktivet sist endra ved kommisjonsvedtak 94/953/EF (TEF L 371 av 31.12.1994, s. 14).

(<sup>5</sup>) Sjå TEF L 147 av 31.5.2001, s. 1.